



Ivar Hopland
Risåsen 9
5912 SEIM

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/1356 - 18/15658

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
15.05.2018

Førebels svar med trong for tilleggsdokumentasjon - gbnr 174/24 Totland (Seim)

Tiltak: Naus
Byggjestad: Gbnr: 174/24
Tiltakshavar:
Ansvarleg søkjar: Ivar Hopland

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 23.04.2018.

Søknaden er send på høyring til regionale styresmakter med høyringsfrist 4 veker samt send Statens vegvesen for handsaming etter veglova, jf samordningsplikta i pbl § 21-5.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

- **Nabovarsel**
Vi kan ikkje sjå at skjema for opplysningar gitt i nabovarsel er send inn. Vi ber om at dette vert ettersend. Då søknaden er send inn til kommunen før nabofristen er ute ber vi om at det vert gjort greie for om det ligg føre nabomerknader.
- **Veg og parkering**
Tiltaket krev at det vert gitt utvida avkjøringsløyve frå fylkesveg 401. Vi kan ikkje sjå at slikt løyve ligg føre. Søknaden er send over til Statens vegvesen for handsaming etter veglova. Det må gjerast greie korleis parkering skal skje. Eventuell parkeringsrett må dokumenterast med avtale.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 26.06.2018.. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.



Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Vi gjer merksam på at då saka krev løyve frå anna mynde i samsvar med plan- og bygningslova § 21-5, kan dette medføra at sakshandsamingsfristen vert forlenga.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama. Det vert fakturert fullt gebyr sjølv om ei sak vert avslått.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Ivar Hopland

Risåsen 9

5912

SEIM